

Fra: Anne-Lise Næs Olsen
Sendt: 14. november 2014 13:28
Til: 'Cato.Dormaenen@forsvarsbygg.no'
Kopi: Anny Bastesen; Kristin Nåmdal; 'aniken.bugge@forsvarsbygg.no'; 'hfk@hfk.no'; 'post@kystverket.no'
Emne: Høyring - søknad om dispensasjon fra kommuneplanen sin arealdel i sjø, for endring av eksisterande anlegg, Laksevika

Hei.

Slik kommunen forstår Hamne- og farvasslova, så skal Kystverket i samband med handsaming av søknader om løyve til etablering av oppdrettsanlegg, også ivareta Forsvarets interesser, jfr. Hamne- og farvasslovens § 28. Kommunen har difor sendt saka til Kystverket for uttale.

Kommunen er likevel kjend med at omsøkt dispensasjon og lokalitet for oppdrettsanlegget ligg i eit militært forbudsområde. Vi har difor sendt kopi av oversendinga til Dykk. De har i denne sendinga motteke dei dokument som kommunen meiner er nødvendige for å kunne gje uttale i saka, med oppgjeven svarfrist.

Me reknar då med at De kan gje uttale ut frå nemnde opplysningar, og at De kan gje denne snarast då De allereie er kjende med saka.

Med venleg helsing

*Anne-Lise Olsen
Plankonsulent
Tlf. 56171000/1173
e-post: anne.lise.olsen@meland.kommune.no*

